

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
085/16	Formannskapet	PS	25.08.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 033	16/753

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 08.06.2016

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Formannskapet - 085/16 - 25.08.2016

FS - behandling:

Jorund Stellberg ba om at fylgjande vart teke med som nytt pkt. 4 i formannskapet si tilråding i sak 082:

a) Austrheim Høgre vil ha ein planmessig gjennomgang av administrasjon og tenesteproduksjon med sikte på ikkje å innføre eigedomsskatt på hus og fritidsbustad.

b) Det vert i 2016 gjennomført taksering av eigedommar knytt til anna næring, taksering av hus og fritidseigedommar og ny taksering av eigedommar knytt til verk og bruk. For Ap vil det vera svært vanskeleg å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar som følgje av Austrheim kommune sin vanskelege økonomiske situasjon. Dei økonomiske utfordringane kommunen har, må etter Ap sine vurderinga løysast gjennom andre tiltak enn ved innføring av eigedomsskatt. Grunnen til at me støttar ei taksering av hus og fritidseigedommar no, er at me veit at Finansdepartementet vurderer å innføre nye reglar for skattelegging av verk og bruk. Dersom dette vert ein realitet, vil det få dramatiske konsekvensar for dei kommunane som i dag har skatt på verk og bruk. I ein slik situasjon vil Austrheim kommune bli tvinga til å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar. Ap ønskjer difor å ha grunnlaget klart slik at kommunen er godt førebudd dersom regjeringa gjer store endringar i reglane for skattelegging av verk og bruk.

Når det gjeld sjølve økonomiplanen for 2016 – 2020 så ønskjer me at det vert gjort følgjande endringar:

- Eigedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen, blant anna inntektsutjamninga, vert juster i tråd med desse endringane. Me byggjer forslaget vårt på at KS har rekna ut at Austrheim kommune vil få ein vekst i frie inntekter på 5% frå 2016 til 2017. Desse utrekningane skal vera basert på det nye inntektssystemet og vera i tråd med det som kom fram i kommuneproposisjonen i mai. Ser ein bort frå eigedomsskatt og andre inntekter som normalt ikkje vert rekna inn i dei fri inntektene, ser det ut til at KS har rekna ut at

Austrheim vil få ein vekst i dei frie inntektene på minst 8,3 millionar kroner. Då skal dei også ha tatt omsyn til ei eventuell inntektsutjamning. Me meiner difor at det vil vera forsvarleg og auka skatteanslaget som vist over.

Fellesframlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent med nytt pkt. 4 i formannskapet si tilråding i sak 082/16 i samsvar med framlegg frå Jorund Stellberg.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FS vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent med nytt pkt. 4 i formannskapet si tilråding i sak 082/16 i samsvar med framlegg frå Jorund Stellberg.

Saksopplysninger: